



Notat

Dato: 25.02.2015
Arkivsak: 2015/2400-4
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Samferdelsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Trafikkvekst på Flesland flyplass

I møte i samferdselsutvalet 21.01.2014 stilte representanten Tom Skauge (SV) følgjande spørsmål om trafikkveksten på Flesland flyplass og rullebane 2.:

«Naturvernforbundet varsla alt i 2011: Utsleppsveksten frå flytrafikken vil utligne alle tiltak som skal redusera klimautsleppa i Bergen kommune.

Med utgangspunkt i Avinors eigne tal, reknar Naturvernforbundet med at det planlagte terminalbygget på Flesland oppnår sin toppkapasitet på 10 millioner passasjerar i år 2023. Bergen Kommune sin energi- og klimahandlingsplan tilseier at dei samla klimautsleppa i kommunen må vera redusert med 0,3 millioner tonn CO₂ frå 2011 til 2023.

Veksten i utsleppa frå fly som går til og frå Bergen Lufthamn i det same tidsrommet har Naturvernforbundet rekna til 0,3 mill. tonn CO₂.

Alle planlagte kutt i Bergen sitt øvrige klimautslepp blir altså viska ut av den formidable utsleppsauken som dobla kapasit på Flesland skapar! Om ein i tillegg tek med den ekstra skadeeffekten som oppstår ved flygning i høge luftlag, vil utsleppstala frå flya bli nesten dobbelt så høge.

Når vil Fylkestinget få ei samla sak om transport og klima knytt til planane for Flesland Flyplass?»

I samband med planprogram for kommuneplanen «2015 – 2030, BERGEN MOT 2030» starta Bergen kommune eit arbeid med å utreie konsekvensane ved ny rullebane på Flesland. Fylkeskommunen vart invitert til eit møte for å gå gjennom forslaga til utredningsprogram som kommunen skal arbeide vidare med. Referat frå møtet, samt fylkeskommunen sin uttale er lagt ved.

Bergen kommune kommuneplanen sin Arealdelen blir handsama våren 2016. Fylkeskommunen vil få planen på høyring, og denne blir handsama i tråd med gjeldande delegasjonsreglement og prosedyrar. Ifølge reglementet har fylkesrådmannen fullmakt til å gi uttale i plansaker. Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å fremja motsegn til forslag i ein kommuneplan sin arealdel og reguleringsplan.